

Gruvedrift med sjødeponi er miljøkriminalitet

Det er stor aktivitet og mange planar for ny gruvedrift omkring i heile landet. Dette vil auke presset på landskap, verneverdige naturområde og raudlista arter og naturtypar.

Naturvernforbundet, samla til landsmøte på Hamar frå 26.-28. august 2011, krev difor at regjeringa seier nei til gruvedrift med sjødeponi.

Fleire av våre mest verdifulle fjordar står no i fare på grunn av gruvedrift. Det førelegg planar om sjødeponi i Førdefjorden i Sogn og Fjordane og i Repparfjorden og Bøkfjorden i Finnmark. Etter at det mest lønsame innhaldet i gruva er vunne ut, sit ein att med gruveavgang. Dette inneheld som regel både viktige ressursar som ein bør ta vare på, men også miljøskadelege tungmetall og kjemikaliar.

Når gruveavgangen blir dumpa i fjorden, gir det skade på naturmangfaldet. Slam og kjemikaliar spreier seg som regel lengre ut enn planlagd, og botnlevande organismar dør og fiskeyngel skyr tidlegare oppvekstområde, mens laks, sjøaure og sjørøye må vandre gjennom.

Sydvaranger gruve AS har fått løyve til sjødeponi i Bøkfjorden i Finnmark, ein nasjonal laksefjord. Der har vi sett gjentekne brot på utsleppsvilkåra og stadig nye søknader om auka utslepp av gruveavgang med giftige kjemikaliar. Det har kome tilsvarende planar om sjødeponi i Førdefjorden i Sogn og Fjordane og i Repparfjord i Finnmark, og det er grunn til å vente at desse sakene skaper presedens for å fylle fjordane våre med gruveavgang i åra framover. Det har foreløpig vore lite motstand mot sjødeponi frå Klima- og forureiningsdirektoratet, som uttrykte følgjande på ekspertmøte i FNs maritime organisasjon (IMO) i mai 2011: "Sjødeponi av gruveavgang er vanleg praksis i Noreg, og vil også bli vurdert for framtidige prosjekt."

Internasjonalt er det aukande motstand mot sjødeponi av gruveavgang. Store gruveland som Kina, Australia, USA, Brasil og Kanada har forbod mot sjødeponi, og EU-parlamentet vedtok resolusjon mot sjødeponi i 2004. FNs miljøorganisasjon arbeider for stans i utslepp av gruveavfall frå land, og i dag er det berre Noreg, Papua New Guinea, Tyrkia, Indonesia og Filippinene som bruker sjødeponi.

I mai i år presenterte Artsdatabanken den første norske Raudlista for naturtypar. "Fjord" står på Raudlista på grunn av dei store belastningane som fjordane er utsette for gjennom utslepp, deponi, giftige sediment, oppdrettsnæring og fysiske inngrep. Samtidig har Mattilsynet innført restriksjonar på bruk av sjømat frå fleire fjordar og Vassforskrifta krev strenge planar for å etablere god miljøtilstand i alle vassdrag og fjordar. No må Noreg rette arbeidet inn på å redusere belastninga på fjordane og gjennomføre oppreinsking i gamle syndar, ikkje tillate nye utslepp.

Naturvernforbundet krev difor at regjeringa innfører eit generelt forbod mot nye sjødeponi av gruveavgang og avsluttar eksisterande deponi. Samstundes må det bli stilt forplikande krav om sterk reduksjon av avfallsmengda frå gruver. Dette kan bli gjort ved å ha ei god ressursutnytting og alternativ bruk av avgangen og val av driftsmetodar som gir minst mogleg avfall, som underjordsdrift i staden for dagbrot og tilbakefylling av restavfallet i gruva der det er mogleg.